

Karin Augusta Nogva
"Ringvebøka" og "Balansekunstnaren"
<https://www.karinnogva.no>

Utsmykkinga "Ringvebøka" og "Balansekunstnaren" seier noko om det å være på Lade, eit sted med mykje historie og sterke personligheter. Arbeidet med utsmykninga starta sommaren 2016. Eg las meg opp på Lades historie og arbeidde på staden, vandra rundt og kjende Lade på kroppen. Ut fra dette skapte eg eit billedeuttrykk mellom fortalt kunnskap og reell opplevelse. Det var hovudsakleg to ting som eg synest peikar seg ut på Lade "natur" og "bevegelse", desse to betegnelsane rommar mykje, og til tider krysser betegnelsane kvarandre. Ut i fra dette har eg laga to billedeuttrykk, "Ringvebøka" eit stort tre som står på Ringve Museum som er 200 år gamalt. I denne gøymer det seg ulike bilder som fortel om ulike historiske tidsepokar, men også samfunnet i dag. "Balansekunstnaren" hopper, parkour, gjennom lufta over ein stor japansk blomster som står på NTNU Ringve botanisk hage. Dette er ei krysning og eit møte mellom bevegelse i ny arkitektur og naturen på Lade .

Teknikken eg har nytta i begge billedeuttrykkene er ei vandring fra fotografi, teikning til utskjeringar i papir. I papirutskjeringane har nye formasjonar og strek oppstått. Motiva er forstørra og malt direkte på skolens vegger i foaje, aula og kantine og deler av motiva er utskjert med fres. Utskjeringane skaper lys og bevegelse i bilde. Billedeuttrykkene er fordelt på ulike plasser i rommet slik at ein må bruke kroppen og forflytte seg for å sjå alle og heilskapen.

Ein kan seie at man har villet mykje på Lade. Derfor har ein på stedet hatt store endringar gjennom historia av menneskelig aktivitet, alt fra nasjonalt ledande styresett, landskap, dyrkbar jord og storlått bebyggelse. Og historia fortsetter i dag, for Lade viser nok ein gong at dette er eit sted det er godt å vere og bu gjennom satsing på boligbygging, tilflytting og ny skole. Utsmykkinga mi er ein bevegelse gjennom historie, landskap og natur. Barn i eit samfunn i dag, som har ein rikdom kring seg som dei vil ta vare på i sine nye bevegelsar.

Tankar bak dei to motiva:

ProsesSEN "Ringvebøka" -stort tre, starta som ein fotografisk collage. Fotografert med mange bilder ståande på ein stad. Ringvebøka er så stor at ein klarer ikkje sjå heile treet i kamerahullet, heller ikkje utan å vri på hovudet eller forflytte seg. Det same gjeld ein stad du bur, du ser ikkje heile bildet før du forflyttar deg.

Bevegelse og engasjement er stikkorda for dette verket. Eg har forsterka dette i å nytte collage stilien, med tydelige avbrutte linjer som saman skapar eit bilde samansett av ulike bruddstykke/historier. Eg ønskjer at mine visuelle bilde skal seie noko om den oppdagelseferda eg fekk av Lade utanfrå, eg har derfor lagt inn små oppdagelsar i Ringvebøka. Her har eg lagt inn ein kombinasjon mellom fortalt / dokumentert kunnskap og reell opplevelsing.

Kort om det som gøymer seg i Ringve bøka:

Leir gjøk: Ringve musikkmuseum. Laget i leire. Dette klassiske og meget gammelt blåseinstrumentet kan spores tilbake til år 30 000 f.Kr. Denne leir gjøken er ein del av ei stor internasjonal samling på museet, og denne kjem frå Sverige. Historisk viser dette Lade som ein stad med kulturelle-internasjonale møter, skapt av felles interesse og formidling av kunnskap.

Humlekasse frå Lade. Det står skrevet på NTNU sine sider Humlebuzz -at kvar tredje munnfull mat vi spiser er eit resultat av samarbeid mellom blomsterplanter og insekter. Denne har nokon barn fra Lade skule laga, det viser at samfunnet er opptatt av å ta vare på insekta, saman med den botaniske hagen.

Drueranke fra Smestua: bildelement frå ei dør inni Gartneriet på Smestua. Ladehalvøya har mildt klima og er eit område med god jord. På slutten av 1700 talet blei det oppretta ein rekke lystgårder på Lade. Det blei på 1850 talet vanleg med næringsdrift på gardane ved sidan av jordbruk.

Tordenskiold barberfat: Tordenskiolds barberfat av japansk porselen. Hans navn er Peter Janson Wessel (f.1690 / d.1720) Født på Ringve gård i ein stor søskenflokk på 18. Han er kjent som den dansk-norske Sjøhelten Tordenskiold.

Skipet i Lade kirke fra (1190). Skipet henger i taket og er eit symbol på framtid.

Sverdet til Lade Jarl: ladejarlane er nemnt i dei eldste historiske kjeldene. Jarlane la under seg handelsleia frå Troms til Trondheimsfjorden og etablerte seg på Lade, Ladejarlane. Politisk maktcenter.

Bluetooth: Frå Danskekongen Harald Blåtann. Sagaskrivaren Snorre Sturlason har skrevet om den første ladejarlen omkring på 900 talet. Han var Harald Blåtann's allierte. Blåtann= Bluetooth, ein av notidas trådlause kommunikasjons middel.

4 Lade barn: Som kan å klatre i trær, brukar kroppen og dei medfødde evnene vi har til å henge i tre.

Hesten: Eit framkomstmiddel, det er gjort gravfunn både fra middelalderen og bronsealderen. Hesten var nytte for Ladejarlane.

Sparkesykkel: Eit framkomstmiddel og leik for dagens Lade-barn.

Fly frå Ladestripa: Den lange bilvegen gjennom Lade = Lade flyplass, etablert under 2 verdenskrig. Det står skrevet på Lade historielag, av Per Isaksen. 2005 at etter krigen vart Lade flyplass brukt som sportsleg arena, sitat: Den fineste banen var på Lade Flyplass. Det var der vi spilte alle kamper, og der ble friidretts stevnene avholdt. Men når Bråthens Safe kom for å lande eller ta av, da måtte vi ta pause slik at ballen ikke skulle treffe flyet.

Prosess - Balansekunstnaren:

Parkour: er bevegelses idrett der man skal kunne komme seg frå A til B på mest muleg effektiv måte. Det kan tenkast at Lade med mykje ny utbygging, og nye område som dukkar opp, egnar seg godt for parkour. Hoppe over betong, gjerder, veggar og flater. Nye rom og nye bevegelsar. I denne visualiseringa har eg og dratt inn fleire vinklingar.

Det blir sagt at som barn hadde Tordenskiold mykje lopper i blodet. Det kan vere at han hadde drevet på med denne aktiviteten her. Eg har derfor tatt utgangspunkt i Tordenskiold sitt emblem, ornament/organisk vekst. Dette har eg laget eit eige mønster av og lagt dette på dressane til dei/ den som hoppar. Ein kan fantasere om det er ein eller fleire. Som eg tidlegare har nevnt, så er det ideen om å bevege seg i ute rommet på Lade. Eg har tatt bort den tilsynelatande aktiviteten sitt område som betong og bygg, og byttet dette ut med ein japansk blomster frå NTNU Ringve botaniske hage. Dette for å seie noko om at ein bygger i dag på Lades frodige natur, eit tidlegare landsted, med mykje god dyrkbar jord. Eg har valt ein japansk blomst, for det seiast at asiatsk vekst er ein av dei vekstane som trives veldig godt på Lade. Den botaniske hage er eit bevis på dette samstundes som det er eit møte mellom ulike kulturar.





